



KSK-notat nr.: 57/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søkjarsak: **Myklebost Kraft AS / Myklebost kraftverk**

Fylke/kommune: Sogn og Fjordane / Jølster

Ansvarleg: Øystein Grundt

Sign.: 

for Sakshandsamar: Katarina Eftevand

Sign.: 

Dato: **30 SEPT 2013**

Vår ref.: NVE 200906087-19

Sendast til: Søkjars og alle som har uttala seg til saka

Middelthuns gate 29

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

E-post: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Org. nr.:

NO 970 205 039 MVA

Bankkonto:

0827 10 14156

Søknad om løyve til å bygge Myklebust kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyringsuttalar	4
Søkjars sin kommentar til høyringsuttalane	6
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknadar	7
NVEs vurdering	10
NVEs konklusjon	14

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til bygging av Myklebost kraftverk og handsamast etter reglane i kap. 3 i same lov. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Myklebost kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer.

Det er planlagd å utnytte eit fall på 192 m i Myklebustelva, med inntak på kote 417 og kraftstasjon på kote 225. Inntaket vert utført som ein låg terskel over elveløpet og ein inntakskanal til side for elva. Tilløpsrøyr med 1 m i diameter og 1 km i lengde vert nedgraven. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved gardstunet "Med Elva". Planlagt installert effekt i kraftverket er 5 MW og søkjars legg opp til slepp av minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren.

Jølster kommune konkluderar med at den planlagde utbygginga er lite konfliktfylt og kommunen har ikkje merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv. Kommunen rår til at det vert gjeve konsesjon for utbygging og drift av Myklebost kraftverk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at prosjektet som omsøkt er akseptabel i høve til allmenne interesser, men føreset at landskapsverdi, fisk og fiskeinteressene vert teke vare på. Fylkesmannen

vurderer det vidare slik at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskeleva og ureiningslova.

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det på visse vilkår vert gjeve løyve til bygging av Myklebost kraftverk. Av omsyn til landskap, kulturminne og fiskeinteresser meiner fylkeskommunen at minstevassføringa om sommaren må aukast noko utover det som er lagt til grunn i søknaden.

Sogn og Fjordane Turlag er skeptisk til utbygginga med grunnlag i at det lokalt i kommunen og nabokommunar er bygd eller planlagt mange kraftverk. Turlaget finn likevel ikkje at konflikhtar i høve til friluftsiinteressene åleine er store nok til å seie nei til utbygging.

Norsk Fiskesenter AS uttrykker bekymring for at verdi av Myklebustelva som gyte- og oppvekstplass for aurestamma i Jølstravatnet vert redusert.

Statens Vegvesen har ikkje vesentlege merknader, men peikar på at tilkomst til området må avklarast i den vidare planprosessen.

Sunnfjord Energi AS viser til at det med bygging av Myklebustdalen transformatorstasjon vil vere føremålstenleg at Myklebost kraftverk vert bygd.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 20,5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk og på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjektane vil ha enkelte negative konsekvensar for ein eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må verknadene ikkje bryte med dei føringane som er gitt i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små vasskraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overskridar fordelane ved tiltaket. NVE kan sette krav om avbøtende tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE meiner at redusert vassføring i elva, og naturinngrep ved etablering av røyrgate, er dei største ulempene ved prosjektet. NVE vurderer det slik at redusert vassføring kan avbøtast med krav om omløpsventil og ei heilårleg minstevassføring som vil redusere produksjonen med ca. 2,5 GWh/år. Med god detaljplanlegging og oppfølging i anleggsfasen vil det etter vårt syn vere mogleg å tilpasse anlegget til terrenget på ein god måte. Under føresetnad av at dei avbøtende tiltaka blir gjennomført meiner NVE at konsekvensane kan reduserast i ei slik grad at verknadene for allmenne og private interesser er akseptable.

NVE meiner at fordelane med det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myklebost Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Myklebost kraftverk. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Myklebost Kraft AS, datert 14.12.2009:

"Myklebost Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Myklebustelva i Jølster kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Myklebost kraftverk

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Myklebost kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden."

Myklebost kraftverk, hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	27,7
Middelvassføring	m ³ /s	2,49
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,123
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	1,087
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,109
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	417
Avlaup	moh.	225
Lengde på berørt elvestrekning	km	1,1
Brutto fallhøgde	m	192
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,42
Slukeevne, maks	m ³ /s el. l/s	3,1
Slukeevne, min	m ³ /s el. l/s	0,11
Tilløpsrøyr, diameter	mm	1000
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	1,1
Installert effekt, maks	MW	5,0
Brukstid	timar	4000
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	6,56
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	13,99
Produksjon, årleg middel	GWh	20,55
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	34
Utbyggingspris	kr/kWh	1,65

Myklebost kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	5,5
Spenning	kV	690
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	6
Omsetning	kV/kV	0,23/23
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengde	km	1,2
Nominell spenning	kV	23

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 29.10.2010 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, fylkeskommunen og Sogn og Fjordane Turlag. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Jølster kommune har i brev datert 19.04.2010 uttalt følgjande:

"Den planlagde utbygginga av Myklebost kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknader i høve landbruk, natur og friluftsliv.

- Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Myklebost kraftverk.*
- Det er ikkje avgjerande merknad i høve gjeldande kommuneplan*
- Inngrepa som følgje av tiltaka bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.*
- Dersom det vert gjeve konsesjon, vil det ikkje vere krav om kommunal sakshandsaming av tiltaket etter Plan og Bygningslov, jamfør SAK §7 nr. 1*
- Det vert elles synt til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden."*

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev datert 28.05.2010 uttalt følgjande:

"Tilråding

Med føresetnad om at landskapsverdi, fisk og fiskeinteressene vert teke vare på, vurderer Fylkesmannen at denne utbygginga er akseptabel i høve til allmenne interesser. Vi vurderer også at tiltaket kan akseptast i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova.

Krav til ein konsesjon er at:

- *det må sleppast ei minstevassføring som minst tilsvarar 5-persentil vassføring gjennom heile året*
- *det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen*

Ved ev. utbygging føreset vi elles at det vert lagt vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde følgjande vedtak i fylkesutvalet 28.04.2010:

”Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 28.04.2010 som sak 49/10 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det på visse vilkår vert gitt løyve til bygging av Myklebost kraftverk fordi fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Av omsyn til landskap, kulturminne og fiskeinteresser må minstevassføringa om sommaren aukast noko.”

Statens Vegvesen har i brev datert 11.01.2010 uttalt følgjande:

”Statens vegvesen har fylgjande merknadar:

Tilkomst til området må avklarast i planprosessen. Bruken av fylkesvegen i området bør avklarast på eit tidleg tidspunkt. Tiltakshavar må pårekne å koste ev. tiltak sjølv.

Vi vil også minne om at avkøyrsløse og nærføring / kryssing av fylkes- og riksveg må søkast om på vanleg måte, viss det ikkje er avklara i reguleringsplan.”

Norsk Fiskesenter AS har i brev datert 19.03.2010 uttalt følgjande:

” Norsk Fiskesenter AS har i 20 år drevet med produksjon av opplevelsespakker med guiding for norske og utenlandske sportsfiskere. Norsk Fiskesenter AS har følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

Europas beste ørretvassdrag

Jølstravatnet er ett av Europas rikeste og beste ørretvassdrag. Det viser utbyttet av næringsfiske og av fiske for utleie til norske og utenlandske firma og sportsfiskegrupper. Dette har fiskeforskeren Harald Sægrov i Rådgivende Biologer i Bergen bekreftet.

Foruten en verdifull stamme av størørret i Jølstravatnet, med Jølstra som gyteelv og oppvekstplass for småfisken, består ørreten i Jølstravatnet av ulike ørretstammer knyttet opp mot innløpselvene, som er svært viktige både som gyteelver og oppvekstplasser for småfisken. Dette kan også bekreftes av Harald Sægrov.

Myklebustelva har sin egen fiskestamme i Jølstravatnet

Myklebustelva er den viktigste gyteelva og oppvekstplassen av alle innløpselvene i Jølstravatnet. Det er også den av innløpselvene som tilfører ørreten utenfor elveosen mest næring i sommerhalvåret. Etter vår mening er dette den viktigste av alle innløpselvene for fisken i Jølstravatnet.

...

Sammendrag:

NVE bør sørge for at Myklebustelva ikke reduseres som gyte- og oppvekstplass for ørretstammen i Jølstravatnet som hører til denne innløpselva.

Minstevannføringen i Myklebuselva må økes for å sikre gyte- og oppvekstplassene sommer som vinter.

NVE bør få utredet de totale konsekvenser av de mange småkraftverk for livsmiljøet for bygdefolket, for fisken og resten av det rike naturmangfoldet, samt reiselivet i det som blir betraktet som en av de vakreste plassene på Vestlandet”

Sogn og Fjordane Turlag har i brev datert 19.03.2010 uttalt følgende:

”Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdert ut frå friluftsiinteressene – med eit mogeleg unntak for fiske – er ikkje konfliktane store nok til at det aleine er grunn god nok til å seie nei til utbygging. Sett frå vår synsstad er det fleire andre utbyggingar i Jølster som er mykje verre for friluftslivet. Kjosnesfjorden kraftverk er suverent verst, men også andre utbyggingar, til dømes Dvergsdalsdalen kraftverk (som vi gjekk sterkt mot,) er svært konfliktfylte. Ei rekkje andre godkjende og planlagde kraftverk i Jølster er også meir konfliktfylte i høve til friluftsliv enn Myklebost kraftverk.

Konfliktane i samband med Myklebost kraftverk er mykje større på andre område, til dømes landskap, reiseliv, biologisk mangfald og sumverknadar. NVE sine alternativ er etter vårt syn enten å avslå heile søknaden, eller å handsame den på tilsvarende måte som Gjesdal kraftverk: Pålegge ei ekstraordinært stor minstevassføring om sommaren, slik at fossen framleis blir eit viktig landskapselement også etter ei eventuell utbygging. Vi har bestemt oss for å ikkje kome med ei bestemt tilråding til NVE om kva for eit av desse alternativa som skal veljast. Men utbygging utan ekstraordinært stor minstevassføring om sommaren, synest vi er både ufornuftig og uakseptabelt!”

Søklar sin kommentar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 29.07.2010 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

”Norsk Fiskesenter AS si fråsegn 19.03.2010

Fiskesenteret meiner det er feil når det i konsesjonssøknaden står at det ikkje er knytta spesielle brukarinteresser til elva og det blir vist til fiske som blir utført av senteret sine gjester.

Vi gjer merksam på at dette fisket i hovudsak føregår i Jølstravatnet ved elveosen og vi viser elles til konsesjonssøknaden kap 3.11 Brukarinteresser.

Fiskesenteret er bekymra for dei mange småkraftutbyggingane i Jølster og meiner at sumverknaden for gyte- og oppvekstplassar og næringstilgang kan bli dramatisk for fisket i Jølstravatnet.

Ved planlegginga av Myklebost kraftverk er det tatt omsyn til fisket ved at kraftstasjonen er plassert ovanfor den viktige gytetrekninga for auren i vatnet. Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vil difor ikkje påverke næringstilgangen til vatnet.

Fiskesenteret ber om utgreiing av konsekvensane for fisken og fiskestammen i Jølstravatnet.

Vi meiner at fiskestammen i Jølstravatnet ikkje vert påverka av utbygginga og at det såleis ikkje er nødvendig med konsekvensutgreiing.

Fiskesenteret meiner det bør sleppast større minstevassføring av omsyn til auren i Myklebustelva og Jølstravatnet.

Vi meiner at den foreslåtte minstevassføringa er rikeleg til å ivareta den stasjonære bekkearen i elva og at auren i Jølstravatnet ikkje vert påverka av utbygginga fordi kraftstasjonen ligg ovanfor den viktige gytestrekinga.

Sogn og Fjordane Turlag si fråsegn 19.03.2010

Turlaget ber om å vurdere plasseringa av inntaket med tanke på innsyn.

Inntaket er planlagt med små inngrep og det vil bli lagt stor vekt på å utføre anlegget slik at det framstår mest mogeleg naturleg i nærmiljøet. Inntaket er omgitt av andre tekniske inngrep (vegar, bru, kraftlinjer) og av omsyn til landskapet er det ein fordel å samle tekniske inngrep, endra plassering vil medføre større miljøkonsekvensar. Høgda på lausmasseterskelen over elva kan om ynskjeleg reduserast med ca 0,5 m.

Turlaget meiner at den planlagde minstevassføringa er for liten til å hindre stranding av fisk i elva nedanfor kraftstasjonen og meiner det bør installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

Elva nedanfor kraftstasjonen har eit konsentrert og smalt løp som fylgje av elveforbygging. Det skal såleis liten vassmengde til for å oppretthalde vassdekt areal og unngå stranding av fisk.

Ved bråstopp i kraftstasjonen vil elles vassstanden i inntaket stige umiddelbart til overløp og vassføringa i elva nedanfor kraftstasjonen vil stige etter kort tid (5 min) pga kort og bratt elveløp frå inntaket og ned. Vi står fast på at den planlagde minstevassføringa er tilstrekkeleg til å unngå stranding av fisk

Turlaget ber NVE vurdere eventuell luftovermetning i avløpsvatnet frå kraftstasjonen.

Inntaket vil bli utført slik at det ikkje oppstår problem med luftovermetning.

Turlaget ber om at det blir installert vasskjølt generator for å unngå viftestøy.

Vasskjølt generator og støydempende tiltak vil bli nøye vurdert under detaljplanlegginga. Dersom det blir pålagt installasjon av forbisleppingsventil, bør summen av minstevassføring og ventilkapasitet ikkje overstige 0,5 m³/s."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Myklebost Kraft AS er eit privat aksjeselskap under stifting, eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

Om søknaden

Søknaden gjeld bygging og drift av Myklebost kraftverk i Jølster kommune. Kraftverket skal nytte eit fall på 192 m i Myklebustelva. Det er planlagt ein installert effekt på 5 MW, noko som vil gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 20,55 GWh. Føremålet med tiltaket er å styrke busetting og det lokale næringsgrunnlaget.

Ei utbygging av Myklebost kraftverk krev konsesjon etter vassressurslova § 8. Konsesjon kan berre gjevast dersom fordelane med tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser som vert påverka i vassdraget eller tilhøyrande nedbørfelt, jf. vrl. § 25.

Skildring av området og eksisterande inngrep i vassdraget

Utbyggingsområdet ligg på sørsida av Jølstravatnet i Jølster kommune i Sogn og Fjordane, ca. 10 km sørvest for kommunesenteret Skei. Myklebustelva er ei av dei større sideelvane i Jølstravassdraget som renn gjennom Myklebustdalen og Dvergsdalsdalen med utløp i Jølstravatnet på Myklebust. Elva får tilsig frå fjellområdet mellom Jølster og Haukedalen i Førde kommune. Nedbørfelt er på 27,7 km². Gjennom Dvergsdalsdalen går ei 132 kV kraftlinje som passerer inntaket til det omsøkte kraftverket. Dei nedre områda med Myklebust og Dvergsdalsdalen er prega av busetnad, jordbruk, vegar og kraftlinjer. Det er restar etter kvernhus langs elva.

Teknisk plan

Reguleringar og overføringar

Tiltaket medfører ikkje reguleringar eller overføringar.

Inntak

Inntaket er planlagt som ein lausmasseterskel med lengde ca 40 m og største høgde ca 1,5 m på kote 417. Elva vert leia inn i ein 30 m lang kanal med bredde ca 8 m. Ved enden av kanalen vert det støypet ein inntakskonstruksjon med varegrind, innløpskonus og stengeventil under bakkenivå. Inntaksbassenget vil tene som sedimenteringsbasseng og det vert anordna eit spylørøyr for utspyling av lausmassar.

Røyrgate

Driftsvatnet vert ført gjennom eit 1000 m langt røyr med diameter på 1 m. Røyrret vert grave ned og overfylt med lausmassar.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vert plassert på nordsida av elva ca 50 m ovanfor gamle tunet på Myklebust. Avløpet vert ført tilbake til elva på kote 225. Bygningen får eit areal på ca. 90 m².

Elektriske anlegg

Det vert installert to Peltonturbinar med effekt 2x2,5 MW med maksimal slukeevne på til saman 3,1 m³/s og to lågspenngeneratorar med effekt 2x2,75 MVA. Hovudtransformatoren med effekt 6 MVA og med omsetning frå generatorspenning til 23 kV vert plassert inntil kraftstasjonsbygningen.

Vegar

Det vert bygt ein ca 50 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen frå det gamle tunet på Myklebust. Vegen vert permanent.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for massetak eller deponi.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 27,7 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 2,49 m³/s. Avrenninga varierer gjennom året med dominerande haustflaumar. Lågaste vassføring opptrer gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 1087 og 109 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 123 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 3,1 m³/s og minste slukeevne 0,11 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 300 l/s i perioden 01.05. til 30.09. og 100 l/s resten av året. I følge søknaden vil dette medføre at 64 % av tilgjengelig vassmengde vert nytta til kraftproduksjon.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ein usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Produksjon og kostnader

Søkjar har berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Myklebost kraftverk til ca. 20,55 GWh fordelt på 6,56 GWh vinterproduksjon og 13,99 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadane er estimert til 34 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 1,65 kr/kWh (prisnivå 2009).

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine berekningar. Det vil likevel vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsmda i prosjektet.

Det er i søknaden vist til slutning i Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett som gjev grunneigarane på gnr. 36 Dvergsdal, rett til å føre vatn frå Fagredalselva, som er ei sideelv til Myklebostelva, gjennom "Veita" til Dvergsdalselva. NVE vil bemerke at i tilfelle ei slik overføring, vil det medføre noko redusert vassføring i Myklebostelva. Søkjar har vist til at ei overføring vil gje "litt redusert vassføring", og har på oppmoding frå NVE lagt fram utrekningar for eventuelt produksjonstap på ca. 1,3 GWh i året dersom overføring vert realisert.

Arealbruk og eigedomsforhold

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige. Myklebost Kraft AS vil inngå avtalar om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre tiltaket.

Det vert behov for areal til midlertidige (22 daa) og permanente (1,5 daa) anlegg.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Utbyggingsområdet er disponert til landbruk, natur- og friluftsliv (LNF) i kommunen sin arealplan.

Samla plan (SP)

Myklebustelva er med i Samla Plan rapport 346 Jølstervassdraget (1994), men rapporten inneheld lite opplysningar om prosjektet. Den installerte effekten og antatt produksjon er under dagens grense for handsaming i Samla Plan.

Verneplan for vassdrag

Myklebustelva er ikkje med i verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket vil ikkje medføre tap av inngrepsfrie områder.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje lakseførande og ikkje blant dei nasjonale laksevassdraga.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulempar

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 20,55 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.
- Tiltaket vil styrkje næringsgrunnlaget for tiltakshavar og grunneigarar bidra til lokal verdiskaping.

Ulemper

- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring i Myklebustelva på ei 1,1 km lang strekkje.
- Tiltaket vil medføre fysiske inngrep i landskapet spesielt i anleggsfasen

NVE si vurdering

Det er søkt om konsesjon for bygging av Myklebustelva kraftverk i Jølster kommune. Inntaket i Myklebustelva skal ligge på kote 417 og kraftstasjonen på kote 225.

Jølster kommune er positiv til prosjektet så lenge dei fysiske inngrepa som følgje av tiltaket vert skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve. Fylkesmannen rår til at det vert gjeve konsesjon til Myklebost kraftverk med føresetnad om at landskapsverdi, fisk og fiskeinteressene vert teke vare på. For å avbøte konsekvensen for fisk bør det installerast omløpsventil i kraftstasjonen og minstevassføring må aukast til minst 5-persentil. Fylkeskommunen er positive til utbygginga, men peikar på at minstevassføring om sommaren bør vere større enn det som er planlagt av søkjar. Sogn og Fjordane Turlag rår ikkje i frå at det vert gjeve konsesjon til Myklebost kraftverk. Turlaget meiner at av omsyn til landskap bør NVE pålegge ei ekstraordinær minstevassføring om sommaren. Norsk Fiskesenter AS er ikkje direkte imot den omsøkte utbygginga. Fiskesenter rår til at minstevassføring i Myklebustelva vert auka for å sikre gyte- og oppvekstplassane både sommar og vinter.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Det planlagde prosjektet Myklebustelva kraftverk har eit nedbørfelt på 27,7 km² ved inntaket, og middelvassføringa er berekna til 2,49 m³/s. Maksimal slukeevne er sett til 3,1 m³/s, noko som utgjer 125 % av middelvassføringa. Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 123 l/s. 5-persentil verdien for sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 1087 og 109 l/s. Det er i søknaden føreslege slepp av minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren. Restvassføringa vil for det meste komme i flaumperiodar som i eit normal år førekommer om våren og hausten. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 107 dagar i eit middels vått år. I 38 dagar vil vassføringa vere under summen av minste slukeevne og minstevassføring. Vassføringa vert difor for låg til at det kan produserast kraft, og heile tilsiget må sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 80 l/s ved kraftstasjonen. NVE meiner at den omsøkte slukeevna vil ta i frå vassdraget noko av den naturlege vassføringsdynamikken.

Biologisk mangfald

Terrestrisk miljø

Aurland Naturverkstad BA har gjort feltregistreringar av flora og fauna i influensområdet rundt Myklebustelva. Naturtypar, karplantar, mosar og lav samt pattedyr, fugl og fisk er undersøkt. Lav- og mosefloraen er ganske triviell. Dei registrerte lav- og moseartane i området er stort sett vanlege og vidt utbreidde. Ingen raudlista artar vart registrert i influensområdet.

Noreg har eit spesiell ansvar for naturtype bekkekløft fordi vi har mange av dei samanlikna med resten av Europa. Den er ein prioritert naturtype etter DN si Håndbok 13 om naturtyper som er spesielt viktige for biologisk mangfald, og vi har særnorske utformingar med spesielle livsmiljø. Det betyr at vi også har mange av artene som er tilknytt slike miljø. Bekkekløft er ein naturtype som er direkte knytt til vassdraget. Den konkrete utforminga skyldes elva si topografi, orientering i terrenget og vassføring. Fråføring av vatn vil påverke naturtypen og artene som lever der negativt.

Bekkekløftområde med stort artsmangfald er større enn de med lågare artsmangfald. Kløftene er dessutan breiare, djupare, har lengre elvetrekningar, fleire sidebekkar og i gjennomsnitt større nedbørsfelt. Dei har generelt varierte miljø, kalkrik berggrunn, er ikkje utbygd til vasskraft og har hatt lite skogsdrift i nyare tid. Skogbruk og vasskraftutbygging fremstår som dei største truslane mot bekkekløfter med store naturverdiar. NVE handsamar mange søknader om småkraftverk der tiltaket rører ved ein bekkekløftlokalitet. Våre viktigaste vurderingskriteria er kva for verdiar som finns i området og korleis desse verdiane vert påverka av tiltaket. Dette er i tråd med OED sine retningslinjer for små vasskraftverk.

Det vart registrert 2 viktige naturtypar i området: naturbeitemark-kulturlandskap og skog-bekkekløft. Naturtype skog-bekkekløft ligg litt oppstraums busetjinga på Myklebust der elva dannar ein ganske stor foss som delvis er oppsplitta i fleire laup. Myklebustfossen er eit ganske framtrедande landmerke ved høg vassføring. Likevel er fossen relativt skjult. Lokaliteten er ikkje særleg stor, men saman med litt innslag av andre naturtypar, slik som bergsprekk og bergvegg, bergknaus og bergflate, samt sigvegetasjon så er dette ein ganske velutvikla høgstaudebjørkeskog med gunstige tilhøve for t.d. fuktkrevjande kryptogamar. Det vart funne karplantar som: trollurt, skogstjerne, gauksyre og kratthumleblom. Av mosar funne ved fossen kan nemnast bekkegråmose, bekkerundmose, broddglefsemose, fjelltvare, kjempemose m.m. Ikkje alle funne artane er like fuktkrevjande og den relativt sure og fattige berggrunnen her gjer også at næringskrevjande artar stor sett manglar.

NVE viser til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk kor det står at : ” *tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfald av stor og middles verdi forøvrig må påregne pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten...* ”. Bekkekløfta i Myklebustelva er gitt verdi B, middels verdi.

Miljørapporten har vurdert konsekvensen for bekkekløfta til å være middels negativ. NVE vurderer det slik at bekkekløft jf. OED sine retningslinjer er gitt middels verdi og at søkjar difor må rekne med avbøtande tiltak dersom det vert gitt løyve om NVE meiner dette er naudsynt.

Naturtype naturbeitemark-kulturlandskap vart registrert to plassar i influensområdet: Myklebust sommarfjøsmark og Elvatunet naturbeitemark. Begge lokalitetar ligg på venstre side av Myklebustelva og er vurdert som lokal viktig-C. Lokalitetane er av middels storleik og med ganske triviell vegetasjon.

Akvatisk miljø

Myklebustelva er ei av dei største innlaupselvane til Jølstravatnet og ei viktig gyteelv for auren i vatnet som etter NVE si meining har stor verdi. Det vert opplyst at auren kan vandre forbi planlagt plassering for kraftstasjonen, og gyte på ei kort strekning ovanfor kraftstasjonen. Det er ein bestand av bekkeare i vassdraget. Storaure frå Jølstravatnet nyttar den nedste delen av elva som gyteområde, og kraftstasjonen er plassert ovanfor dette området for å unngå negative konsekvensar. Det er mogeleg at auren også gytt på ei kort elvestrekning ovanfor kraftstasjonen, med denne strekninga manglar gytesubstrat og eventuell gyting vil her bli mislykka. Søkjar reknar med at den planlagde minstevassføringa vil vere tilstrekkeleg til å unngå tørrlegging av gyte- og oppvekstområdet nedstraums kraftstasjonen ved stans av kraftverket.

Kraftverket er ikkje planlagt med omløpsventil. Strekninga i Myklebustelva som vert fråført vatn ved ei utbygging er 1,1 km lang. Ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen vil det ta difor lang tid før eit overløp ved inntaket når kraftstasjonen. Eit utfall vil føre til rask reduksjon av vassstand, og tørlegging av ein del areal sjølv om elveløpet nedanfor planlagt stasjon er slik utforma at delar av elvebotnen framleis er vassdekt. NVE meiner at installasjon av omløpsventil og tilstrekkeleg minstevassføring vil redusere risiko for skadane på fisk og botndyrfauna ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen. Krav til kapasitet på omløpsventil vil mellom anna vere avhengig av korleis elvebotnen er utforma.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Myklebost kraftverk legg vi til grunn bestemmingane i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 samt §§ 8-12.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelige databasar som Naturbase og Artskart. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere eit vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Myklebost kraftverk fins det ein naturtypelokalitet skog-bekkekløft med verdi B, naturbeitemark med verdi lokal viktig C og bekkeare. Storaure frå Jølstravatnet gytar i den nedste strekninga i Myklebustelva. Ei eventuell utbygging av Myklebustelva vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar, artar eller økosystemet gjeve i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 gitt at det vert sleppt tilstrekkeleg minstevassføring og installert omløpsventil som hindrar tørlegging av berørt elvestrekning.

NVE har også sett dette i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. I Jølster kommune er det i dag utbygd 15 vasskraftverk, eit er under bygging, ytterlegare 3 har fått konsesjonsfritak og 4 vart vurdert som konsesjonspliktige. Nærast Myklebost kraftverk ligg Dvergsdalsdalen kraftverk og Åselva kraftverk. Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vurdert. Våre vurderingar i forhold til dette er presentert nedanfor, under temaet ”Samla belastning”.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknader tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknader til vilkår. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadene av dette.

Landskap

Jølster er ein tradisjonsrik jordbrukskommune, men har også lange tradisjonar innan reiseliv. I reiselivssamanheng er landskapet, med Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden omkransa av snøkledde fjelltoppar, kulturlandskap og elvar, noko av det mest karakteristiske for Jølster kommune. Myklebustfossen er på høg vassføring synleg frå E39 og elva og elveosen er mykje nytta av sportsfiskarar, men relativt lite brukt i annan friluftssamanheng. Den planlagde utbygginga kjem i eit område som er ein del påverka av menneskelege inngrep i form av vegbygging, kraftleidningar, jordbruk og skogsbruk. Den berørte elvestrekninga er relativt lite synleg i landskapet og er på store delar godt skjult av skog. Krav om minstevassføring vil etter NVE si meining ivareta fossen på ein akseptabel måte.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, men området er vurdert til å ha eit potensiale for funn av slike, jf. uttale frå fylkeskommunen. Ut i frå dette potensialet stiller fylkeskommunen krav om at tiltakshavar ved ein ev. konsesjon må gjennomføre arkeologisk undersøking i område, jf. undersøkingsplikt i lov om kulturminne § 9.

Brukarinteresser

Det vart opplyst frå Sogn og Fjordane Turlaget at store delar av nedslagsfeltet for denne utbygginga er del av eit svært viktig friluftsområde. Viktigast er området frå og med Dalevatnet og sørover, søraustover og austover med mellom anna Dvergsdalsstøylen, Fagredalen og Grovabreen. Dette området har stor regional verdi og er viktig både som skiutfartsområde og sommarturområde. Området der sjølve utbygginga er planlagd, er derimot lite brukt som turområde. Etter det NVE kjenner til, er friluftslivsbruken av området reint lokal. Vi har difor ikkje tillagt dette vesentleg vekt.

Landbruk

Myklebust er ei aktiv og god jordbruksgrend. Ein del av gardsbruka i grend Myklebust er i dag ute av aktiv jordbruksdrift, men jorda er godt i hevd og vert nytta av dei aktivt drivne gardsbruka. I følgje søknaden er berre mindre område utmark og beite planlagd nytta ved anleggsperioden og ved permanent bruk i høve røyrgate, inntaksarrangement, kraftstasjon, tilkomstveggar og elektriske installasjonar. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket samla sett vil ha liten påverknad på landbruket i området.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det planlagde kraftverket vert knytt til Myklebustdalen transformatorstasjon via 1,2 km lang jordkabel. Kabelen vert i hovudsak lagt i felles grøft med tilløpsrøret. NVE vurderer dette som eit relativt lite inngrep og meiner difor av konsekvensen av nye kraftlinjer er liten.

Samla belastning

Sjølv om eit enkelt utbyggingsprosjekt ser ut til å ha relativt avgrensa negative konsekvensar for miljø og andre allmenne og private interesser, kan dei samla effektane frå mange slike prosjekt få store konsekvensar. I konsesjonsbehandling av småkraftverk må NVE vurdere den samla belastninga av vasskraftutbygging i eit geografisk avgrensa område. Dette kjem fram i forarbeida til vassressurslova i Ot. Pr. nr. 39 (1998-1999), side 343 og OED sine retningslinjer for småkraftverk (juni 2007), samt naturmangfaldlova § 10 *"Økosystemtilnærming og samlet belastning"*.

I Jølster kommune er det bygd fleire kraftverk og nokre prosjekt er under planlegging. Nærast det planlagde Myklebustelva kraftverk ligg Dvergsdalsdalen kraftverk og Åselva kraftverk. Det vart søkt om fritak frå konsesjonsplikt for Dvergsdalsdalen kraftverk 2, men tiltaket vart vurdert som konsesjonspliktig og seinare påklaga. Saka ligg nå hjå Olje- og energidepartementet for endeleg avgjerd. Av kraftverk i Jølstravassdraget som er i drift kan nemnast Brulandsfossen, Stakaldefossen, Nydal, Stølslia, Bjørndalselva, Ågjølet, Gjesdal og Kjosnesfjorden kraftverk. NVE meiner at sidan det er utbygd ei rekkje kraftverk i det aktuelle vassdraget, ein lyt å vise ekstra varsemd dersom det skal gjevast løyve til nye prosjekt. I så måte meiner vi ei slik minstevassføring som er foreslått synast å vere noko låg, med tanke på å oppretthalde elva som eit landskapselement. Vi tykkjer dette er ekstra naudsynt når ein ser på antall kraftverk i vassdraget som har fått løyve. Av same grunn meiner vi det er grunnlag for å vere aktpågeivande med tanke på å oppretthalde elva nedanfor ein ev. kraftstasjon som gytestrekkje, og at det difor vil vere naudsynt med installering av omløpsventil dersom det vert gjeve løyve til utbygginga.

I vurderinga vår har vi elles merka oss at det berre var Sogn og Fjordane Turlag som har peika på at samla belastning kan vere eit problem i denne saka. Vi kan ikkje sjå at bygging av Myklebust kraftverk vil få nemnande konsekvensar ut over Myklebustelva sitt influensområde dersom det vert fastsett krav om minstevassføring og omløpsventil i konsesjonen.

Oppsummering

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 20,5 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De tre siste årene har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. For at NVE skal kunne gi konsesjon til kraftverket må virkningene ikke bryte med de føringer som er gitt i Olje- og energidepartementets retningslinjer for utbygging av små vannkraftverk. Videre må de samlede ulempene ikke være av et slikt omfang at de overskrider fordelene ved tiltaket. NVE kan sette krav om avbøtende tiltak som del av konsesjonsvilkårene for å redusere ulempene til et akseptabelt nivå.

Tiltaket vil gi varige inntekter til tiltakshavar, grunneigarar og kommunen. Dei største ulempene ved tiltaket er etter NVE sitt syn fråføring av vatn frå Myklebustelva med Myklebustfossen. For landskapet vil ein få synlege inngrep som følgje av veg og røyrgate. NVE meiner at dei fysiske

inngrepa vil vere størst i starten. Etter kvart vil vegetasjonen etablere seg på nytt og verknaden på landskapet vil vere stadig mindre. For at dette skal gå raskast mogleg er det viktig at inngrepa vert gjort så skånsomt som mogleg og at revegetering skjer med stadeigen vegetasjon.

NVE meiner at det må gjennomførast avbøtande tiltak dersom Myklebustelva kraftverk skal få konsesjon. Ved å sleppe tilstrekkeleg minstevassføring gjennom heile året og installere omløpsventil i kraftstasjonen vil ein til ei viss grad kunne oppretthalde tilhøva for biologisk mangfald i og nær elva, samt at Myklebustfossen ikkje mistar sin verdi som landskapselement. Eit slikt krav om minstevassføring vil redusere produksjonen i kraftverket med ca. 2,5 GWh/år. NVE finn ikkje at dette er avgjerande for om utbygginga vert gjennomført eller ikkje, samstundes som vi meiner dette er naudsynt av omsyn til å ivareta allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myklebost Kraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Myklebost kraftverk. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Myklebost Kraft AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 1200 m 22 kV jordkabel til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Sunnfjord Energi AS er områdekonsesjonær og skal i følgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggjeart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova*Post 1: Slepp av vatn.*

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	2,49
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,123
5-persentil sommar	m ³ /s	1,087
5-persentil vinter	m ³ /s	0,109
Største slukeevne	m ³ /s	3,1
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	125
Minste slukeevne	m ³ /s	0,11

I konsesjonssøknad foreslår tiltakshavar å sleppe minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 100 l/s om vinteren. Slukeevna er på ca 125 % av middelvassføringa på 2,49 m³/s.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at det må sleppast ei minstevassføring som minst tilsvarar 5-persentilverdiar for sommar og vinter. Sogn og Fjordane Turlag meiner at minstevassføring må vere stor nok til at landskapsverdi av Myklebustfossen vert opprettheld og tilrår minstevassføring lik minst 5-persentil.

Ei tilstrekkeleg minstevassføring er viktig for å oppretthalde ein viss produksjon i elva. Botndyr og fisk vil vere avhengig av nok vatn heile året. Myklebustfossen er omtala som ein viktig landskapselement i Jølster og for opplevinga av Myklebustfossen i sommarsesongen er det avgjerande at det vert sleppt nok vatn. NVE meiner at det er riktig å differensiere sommar- og minstevassføring, da Myklebustelva også i dag kan ha låg vintervassføring.

Det var ikkje med i søknaden billedokumentasjon som viser Myklebustfossen med forskjellige vassføringar. Myklebustfossen er etter vår meining ikkje framtreddande samanlikna med andre fossar i Jølstervassdraget (t.d. Gjesdalfossen). Vi viser til vurdering av landskap ovanfor. NVE meiner at ein kan bevare landskapsverdien av Myklebustfossen med minstevassføring lågare enn 5-persentilverdien for sommar.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 500 l/s i tida 01.05 – 30.09 og 100 l/s resten av året. I forhold til søknaden vil dette gje ein redusert produksjon på 2,5 GWh/år. Samla produksjon vil då bli på ca 18 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Nedstraums planlagt kraftstasjon er det gode gyteforhold for aure. Ved eit eventuell utfall av kraftstasjonen vil ein høgst sannsynleg oppleve stranding av fisk og tørrlegging av. ev rogn. Ein omløpsventil vil sikre at dette ikkje skjer. Vanlegvis vert det fastsett ein storleik på omløpsventilen på 50 % av maksimal slukeevne i kraftverket. Vi syner til at det er her fastsett ei minstevassføring som vil sikre ein del vassdekt areal grunna utforminga av elveleiet. Vi har difor funne å kunne redusere storleiken noko.

For å unngå stranding av fisk i Mykelbustelva ved eventuelt utfall eller rask nedkjøring av kraftverket skal det installerast omløpsventil med kapasitet på 1 m³/s. Ved vassforbruk i kraftverket mindre enn omløpsventilen sin kapasitet skal omløpsventilen opne for vassmengda som går gjennom turbinen ved utfall. Omløpsventilen skal fungere slik at vassføringa nedstrøms kraftverket vert redusert over så lang tid at fisk ikkje strandar. Omløpsventilen skal koplatt til kraftverket sitt styringssystem og testast ut med omsyn til funksjonalitet før kraftverket vert sett i ordinær drift. Dokumentasjon på at utstyret fungerer etter hensikta skal leggjast fram for NVE sitt miljøtilsyn.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknadar ovanfor, under avsnittet forholdet til energilova. NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara, jf. våre merknadar ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	417 moh
Kraftstasjon (kote)	225 moh Eksakt plassering kan avklarast i detaljplan, med utløpet skal vere ovanfor den viktige gytetrekinga for storaure.
Installert effekt i turbin	5,0 MW, til saman
Tal turbinar/turbintype	2 peltonturbinar
Vassveg	Heilt nedgrave
Største slukeevne	3,1 m ³ /s
Minste slukeevne	0,11 m ³ /s
Veg	50 m lang permanent veg til kraftstasjonen og kort permanent veg til inntaket.
Avbøtande tiltak	Omløpsventil med kapasitet på 1 m ³ /s.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dette inkluderer også installert effekt og slukeevne. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett på elsertifikat. Dersom det er endringar skal det gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Røyrkata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna av miljømessige omsyn.

Vi viser også til merknadane til vilkåra i post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.